

RETNINGSLINJER FOR TORGLEIGE I VOSS HERAD

Retningslinjer pr. 10.06.2021, erstattar retningslinjer av 01.01.2018

1. Følgjande handel kan føregå på torget :

- Tradisjonelle torgvarer
- Lokalprodusert mat og produkt
- Produkt med lokal tilknytning
- Sesongprodukt
- Anna handel kan vurderast

2. Plass på torget

Torghandlar som tilfredsstiller heradet sine vilkår for sal på torget, kan tinge plass pr. måned, pr. veke eller pr. dag og 4 mnd. pr. gong.

Plassar som ikkje er tekne i bruk innan kl. 10.00 kan bli tildelt andre.

Mobil salsvogn kan stå på tildelt torgplass 24 timar i døgnet i leigeperioden. Er det planlagt stengt meir enn ein kvardag eller på laurdag må ein likevel flytte vogna.

Det skal vera ledig minimum 20 m torgplass til ordinær torghandel (ikkje mobil salsvogn plassert 24 timar)

Torghandel skal i utgangspunktet skje på kvardagar og seinast til kl. 2200 i sommarhalvåret, men kan utvidast ved arrangement og andre høve.

3. Søknad og betaling

Ein kan søkje torgplass elektronisk på www.voss.herad.no, eller på e-post til postmottak@voss.herad.no. Prinsippet om «fyrstemann til mølla» gjeld. Betaling skjer etter faktura.

4. Vilkår for sal på torget

Dei som driv sal på torget skal til ein kvar tid syte for reinhald på plassen dei leiger. Når leigetida er slutt, skal varer, salsvogner, køyretøy mm og alt avfall vera fjerna frå plassen/torget.

I vinterhalvåret må dei som har salsvogn ståande heie døgnet sjølv syte for snørydding rundt eige vogn.

Dei som har fått utlevert nøkkel til straumskåp har ansvar for at skåp er låst når dei forlet plassen og at nøkkel vert innlevert til heradet etter at leigeperioden er over. Etter stengetid kan nykkel leggjast i postkasse utanfor hovudinngang Tinghuset. Manglande innlevert nøkkel vert fakturert med kr 400,-

Torghandlarar utan løyve kan bli vist bort frå Torget, og vert fakturert for leige. Voss herad v/Voss Parkering har tilsyn med Torget.

Torghandlarar må rette seg etter dei pålegg/retningslinjer knytt til torgleige som heradet gir.

5. Praktisk informasjon

Torgplassane er oppmerkte, og torghandlar må halde seg innanfor sin oppmerkte plass.

Tilsendt leigebevis skal vera synleg på tildelt plass.

Kartskisse på leigebeviset viser tildelt areal.

Varebil skal så langt som mogleg plasserast utanfor Torget.

6. Mobile salsvogner for sal av mat og drikke

Eigar av salsvogn er sjølv ansvarleg for å ha nødvendig serveringsløyve, godkjenning frå Mattilsynet osv. Salsvogner som har døgnplass skal ikkje ha fysisk reklame/lysreklame på torget utanom salstida. Vogn og liknande er plassert på Torget på eige ansvar og må vera sikra. Det er ikkje høve til å ha bord og stolar for servering på Torget.

7. Leige av heile Torget

Nokre dagar i året er heile torget leigd ut til t.d. store arrangement. Torghandlarar som har bestilt plass tidlegare og vert berørt av slikt arrangement, vil bli informert i god tid. Torghandlarar med døgnplass må evt. flytte vekk salsvogn. Torghandlarar må sjølv kontakte arrangør av større tilskipingar om mogelegheit for eventuelt å behalda sin plass under arrangementa.